



KOPI

Lindås kommune  
Eigedom v/ Terje Fauske  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/476 - 17/27600

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
28.09.2017

## Gebyr Knarvik barneskule med tilhøyrande anlegg - gbnr 188/800 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Lindås Kommune v/eigedomsavdelinga  
**Ansvarleg søkjar:** Og arkitekter as  
**Kontaktperson:** Terje Fauske, Lindås kommune v/eigedomsavdelinga

### Gebyr for sakshandsaming:

Vedtak – Gbnr 188/800

Administrativt vedtak. Saknr. 444/17 Rammeløyve Helsehuset for oppføring av Knarvik barneskule med tilhøyrande anlegg.

### Saksutgreiing

Gebyr for handsaming av søknadar etter plan- og bygningslova er heimla i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.

For omsøkt rammeløyve vert det, etter gjeldande gebyrregulativ utmålt følgjande gebyr:

Søknadspålitige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
10.2.2	Basisgebyr bygg for tenesteyting	1	Kr. 20.800,-	Kr. 20.800,-
10.2.2	Fast arealtillegg på kr. 44 for bygg etter 10.2.2, over 100 m <sup>2</sup> BRA, per m <sup>2</sup> (samla areal 11088 m <sup>2</sup> )	11088	Kr.44,-	Kr. 487.872,-
	<b>Totalt gebyr å betala:</b>			<b>Kr. 508.672,-</b>



## Vurdering

Ved utmåling av gebyr i saka er storleiken på gebyret vurdert opp mot det at gebyr i byggesak skal vere sjølvkostbasert jf. plan- og bygningslova § 33-1. Kommunen kan ikkje forsvare å fakturere kr. 508.672,- for handsaming av søknaden.

Ein vurderer å redusere gebyret for fast arealtillegg med 50 %, 22 kr per m<sup>2</sup> i staden for 44 kr per m<sup>2</sup>, som gjev følgjande fakturagrunnlag:

Søknadspliktige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
10.2.2	Basisgebyr bygg for tenesteyting	1	Kr. 20.800,-	Kr. 20.800,-
10.2.2	Fast arealtillegg på kr. 44 for bygg etter 10.2.2, over 100 m <sup>2</sup> BRA, per m <sup>2</sup> (samla areal 11088 m <sup>2</sup> )	11088	Kr.44,- * 0,5	Kr. 243.936,-
<b>Totalt gebyr å betala:</b>				<b>Kr. 264.736,-</b>

Ut i frå storleik på tiltaket og resursbruk ved handsaming av søknaden er dette eit gebyr som står i forhold til tiltaket.

VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 jf. Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste § 4.9. vert det fakturert gebyr på kr. 264.736,-**

**Gebyret er utmålt etter særskild vurdering då storleik på gebyret med basisgebyr og faste arealtillegg i regulativet ikkje kunne forsvarast ut i frå ressursbruken ved sakshandsaming.**

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Moglegheit til å klage på gebyr fastsett i gebyrregulativet for Arealplan, byggesak og geodata § 4.9, 3. ledd (sjå utdrag).

*Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast på at det vert kravd gebyr, eller storleiken på gebyret.*

*Det kan klagast på kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.*

*Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast på i samsvar med forvaltningslova kap. VI. Fylkesmannen er klageinstans.*

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er

postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/476**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Lindås kommune

Felles postmottak 5914  
Kvernhusmyrane  
20

ISDALSTØ

**Mottakarar:**  
Og Arkitekter AS

Kanalveien 11 5068

BERGEN